



Sogn næring

Mobil: 90830284
Vår ref: 2023/5236 - 3
Dykkar ref:
Dato: 22.09.2023

Mat- og drikkeambassadør

Viser til søknad den 27. august 2023 for å finansiera fase 0 av prosjektet mat- og drikkeambassadør i Sogn.

Administrativt vedtak:

Sogn regionråd løyver kr 30 000 til Sogn næring til dekking av kostnader til mat- og drikkeambassadør til fase 0. Løyvinga vert finansiert av fondsmidlar diverse prosjekt.

Bakgrunn og søknad:

Sogn næring har i samarbeid med Sogndal vidaregåande skule og næringslivet i regionen teke initiativ til prosjektet mat- og drikkeambassadør. Ambassadøren vil få ei koordinerande rolle knytta til tre område: rekruttering og kompetanse, omdømme og merkevarebygging og logistikk og infrastruktur.

Sogn næring søker om kr 30 000 til å finansiera fase 0 (oktober-desember) av prosjektet. Prosjektet vil bli 3-årig med mål om varig finansiering etter endt prosjektperiode. Totalkostnad for fase 0 er kr 150 000.

Kostnader		merknad
Lønnskostnad ambassadør	63 636	25% stilling i 3 mnd
Prosjektgruppe Sogn Næring	50 000	25% stilling i 3 mnd
reisekostnad	20 000	
diverse innkjøp	10 000	
totalt	143 636	
Finansiering		
Sogn regionråd	30 000	ikkje avklart sum enda
Sogn Næring tenestekjøp	30 000	
Sogn Næring eigeninnsats	50 000	
Sogndal vgs	40 000	
totalt	150 000	

Vurdering:

Regionrådet arbeider for å sikre rett kompetanse til arbeids- og næringsliv, rekruttering og profilering og næringsutvikling, jf regionalplanen for Sogn. Gjennom prosjektet mat- og drikkeambassadør vil det bli arbeidd for rekruttering til mat- og restaurantfag og for å sikre eit felles løft for mat- og drikke-regionen Sogn. Rådet vil bidra til å finansiera fase 0 med kr 30 000.

Med helsing

Karina Nerland
dagleg leiar

Brevet er elektronisk og er utan handskriven underskrift.



Møtoreferat Kompetanseforum Sogn

Møtenummer: 3/2023

Møtedato: 20. september 2023

Tid: kl 9-11

Stad: Digitalt møte.

Deltakarar:

Henry Helle, assisterande rektor Sogndal vidaregåande skule
Geir Kjetil Øvstetun, rektor Årdal vidaregåande skule (til kl 0930)
Eilert Årseth, prorektor Utdanning, Fagskulen Vestland
Ingeborg Lysne, leiar i næringsnettverket i Sogn
Mette Bakketun, dagleg leiar Sognefjorden Næringshage
Anne Kauppi, dagleg leiar Sogn opplæringskontor
Sara Johnsborg, leiar NAV region Sogn
Heidi Østerbø Nes, karriererettleiar for vaksne, Sogndal
Arve Tokvam, styreleiar Aurland næringsråd
Frank Øvstetun, dagleg leiar Sitep AS
Per Odd Grevsnes, seniorrådgjevar, Vestland fylkeskommune (observatør)

Forfall:

Tone Skjerdal, seniorrådgjevar Høgskulen på Vestlandet
Stig Stark-Johansen, leiar i rådmannsgruppa Sogn regionråd
Trude Ramstad, HR-direktør Lerum AS, Sogn HR-nettverk
Kjetil Kvåle, dagleg leiar Kunnskapsparken Vestland

Gjester:

Trine Grøtnebø, Årdal teknologipark
Jeanette Walsvik, Sogn for alle, Sogn regionråd
Torhild Natvik, prosjektleiar Vestland fylkeskommune

Dagsorden

1. Opning
Godkjenning av referat frå møte 9. mai 2023.
Presentasjonsrunde - forumet har fått nye representantar.
2. Kompetansegrunnlag og mandat for Kompetanseforum Sogn v/ Per Odd Grevsnes
 - Kompetanseforum Vestland skal leggje til rette for at kompetanse skal drive fram utvikling i arbeidslivet, avdekke kva kompetansegap som finst i arbeidslivet og finne løysingar på korleis desse skal fyllast.
 - Mandatet til Kompetanseforum Sogn er: ha oversikt over den lokale arbeids- og utdanningsmarknaden, fange opp lokale kompetansebehov og bidra til at det vert utvikla utdanningstilbod, bidra til karriererettleiing og fleire læreplassar og gje innspel til Kompetanseforum Vestland på saker som ikkje kan løysast lokalt.
 - Kunnskapsgrunnlaget inneheld statistikk og analyser om dagens arbeidsmarknad og venta utvikling [Kunnskapsgrunnlag for kompetanse i arbeidslivet - Vestland fylkeskommune](#)

Tal frå omverdsanalysen frå NAV inngår i grunnlaget.

- Vestland fylkeskommune har mange tilskotsordningar [Alle tilskot - Vestland fylkeskommune](#)
Presentasjonen ligg ved.

3. Studietilbod og planar for Fagskulen Vestland v/ Eilert Årseth

- Tilbyr høgare yrkesfagleg utdanning med stort og variert tilbod innan maritim, marine, boring, bygg, maskin, elektro, grønne og gastronomiske og helsefag
- 80% av utdanningane er fleksible, dei fleste er i arbeid medan dei tek utdanninga
- Arbeidslivsrelevans - utdanningane må vera det arbeidsgjevarane har behov for
- Samarbeider med arbeidslivet om utvikling av eksisterande og nye studie og om kortare utdanningar
- Fagskulen får statlege tilskot og prosjektmidlar.
- Gjennom samarbeid med arbeidslivet utviklar fagskulen eksisterande og nye studier og korte og fleksible utdanningar; bransjeprogram, industrifagskule og fleksible og desentraliserte utdanningar

Presentasjonen ligg ved.

Innspel i møtet:

- Kan industrifagskule vera tilbod i Sogn? Rammeløyvinga gjer det mogleg å gje tilbodet dersom det er kompetansebehov i regionen
- Tilbod innan elkraft er spelt inn frå forumet. Kan bli godkjent som del av industrifagskulen.

4. Presentasjon av prosjekt i Sogn:

- Læreplassgaranti v/ Anne Kauppi, Sogn opplæringskontor
 - o Opplæringskontoret jobbar breitt for elevrekruttering
 - o Arrangerer First Lego League for 5.-10. klasse i heile regionen
 - o Arrangement TeknologiVeka i november med fokus på XR og presentasjon av ulike bedrifter.
 - o Sogn er gode på lærlingar. Regionen har høgt tal lærlingar i høve til tal sysselsette.
 - o Informasjon i regionen til lærarar, i klassane og på foreldremøte.
 - o Målet er å få fleire til å velja yrkesfag og at dei som vel studiespesialisande vel realfag.
 - o Ny søknadsfrist for læreplassgaranti er 1. november 2023. Sogn opplæringskontor søker om læreplassgaranti på vegne av regionen. Vil også søke om midlar til busstransport for 10. klassingane.
- Sogn kompetanse og utdanningscenter v/ Trine Grøtnebø, Årdal teknologipark
 - o Prosjektet er etablert basert på tilbakemeldingar frå næringslivet om utfordringar med å skaffe rett kompetanse, som hindrar utvikling og å nå måla som er sett i Grøn region Vestland.
 - o Mål om å utvikla ei koordinerande eining som legg til rette for utdanning og kompetanseutvikling i samsvar med behova i arbeids- og næringsliv
 - o Vil gje styrka satsing på kompetanseutvikling til både privat næringsliv og det offentlege i Årdal og i regionen. Tilskot frå fylkeskommunen over tre år.Presentasjonen ligg ved.
- Sogn Opportunity v/ Jeanette Walsvik, prosjektleiar Sogn for alle, Sogn regionråd
 - o Det finst høg kompetanse blant innvandrarar som vi ikkje nyttiggjer oss. Vi har ikkje knekt koden.

- Sogn Opportunity er eit mentor- og leiarutviklingsprogram. Målgruppa er innvandrarakar med høgare utdanning som ønskjer å bruke sin kompetanse og bygge seg ein karriere. På sikt kan dei ta leiande posisjonar i arbeidslivet og samfunnet for øvrig.
- Programmet går over eitt år og bidreg til auka arbeidsdeltaking, betre karriereutsikter og auka mangfald og inkludering.
- Fasen no er å informere om tilbodet til målgruppa og rekruttera bedrifter som vil stille med mentorar og menteer.

Presentasjonen ligg ved.

- Innspel/spørsmål:
 - Mange innan reiselivet saknar kurs og undervisning på engelsk
 - Bergen Opportunity gjennomfører noko av programmet på engelsk
 - Behov for at aktørane koordinerer oss for å unngå utanforskap
 - Kompetanseforumet kan vera meir operative.
 - Viktig forum som kan prøve ut ulike modellar og jobbe tverrsektorielt.

5. Innspelsrunde og diskusjon:

Kva kan vi samarbeide meir om i Sogn for å løyse kompetanseutfordringane? Korleis arbeider vi for å løyse kompetansebehova? Kva kan vi som forum gjere? (Utsett til neste møte)

6. Neste møte - tidspunkt og aktuelle tema

- Digitalt møte i slutten av november – dato kjem.
- Forumet kan kome med innspel til tema til neste møte.

7. Ymse

- Torhild Natvik er nytilsett prosjektleiar for arbeidet om tilbodsstruktur for vidaregåande opplæring og informerte kort om prosess og arbeidet som blir starta opp.
- Stormøte 5. oktober i Bergen
- Vestland fylkeskommune [Alle tilskot - Vestland fylkeskommune](#).



Lærdalstunnelen

Framlegg til tema til drøfting i møte 12. oktober kl. 10:00

Mellom

- *Samferdsledepartementet*
- *Statens vegvesen*
- *Nemnda som skal samordne dialogen på vegner av Sogn regionråd og dei to kommunane Aurland og Lærdal (dei to ordførarane og leiaren i samferdslegruppa i Sogn regionråd)*

Føremål (jf. brev til dept. 11. august 2023)

I dette møtet ynskjer nemnda at vi nyttar tida til at departementet og SVV tydeleggjere ansvarsfordelinga (finansiering og gjennomføring) framover mellom dei to når det gjeld:

- *Avbøtande tiltak*
- *Kompensasjon*
- *Stengingsregime*

slik at nemnda veit kva for ein instans vi skal vende oss til når det gjeld dei ulike tiltaka framover.

Temalista under illustrerer at det på den knappe tida *ikkje er mogeleg å gå inn på innhald* og løysing av dei ulike tema.

Det må dessutan klargjerast:

- *ev. ansvar til tredjepart*
- *kven som har ansvar for tiltak på fylkesvegane og dialogen mot Vestland og Viken fylkeskommunar.*

Kompensasjon

Det er ikkje akseptabelt at kommunane må dekke ekstrakostnadane ved endringar/styrking av dei kommunale tenestene. Her må departementet vere budd på å bidra i stor grad.

Stengingsregime

Det er klare vedtak i komiteen om at stengingsregimet må ha forankring lokalt. Det er så langt ikkje gjennomført ein prosess med kommunane og rådet for å sikre slik lokal medverknad.

Avbøtande tiltak

Tiltak i vegsystemet

Utbetringar i vegsystemet

- *Rv. 13 - Vikafjellet og Sogndal – Hella (Nye veier as?)*
- *Fv. 5627 - Aurlandsfjellet*
- *Fv. 50 – Aurlandsvangen – Vassbygdi*
- *Rv. 5 - Fodnestunnelen*
- *Oppstillingsplass på kvar side av tunnelen*
- *Forlenging av gang- og sykkelveg/turveg mellom Flåm og Aurland*

Driftstiltak

- *Auka ressursar på omkøyringsveggar – vinterberedskap*
- *Restriksjonar*
 - *Fv. 5627 Aurlandsfjellet*
 - *Fv. 50 Aurland (Vassbygdi) – Hol*
- *Kontrollar*
- *Informasjon*

Ferjer

- *Vangsnes – Hella – Dragsvik*
 - *Nattferje*
- *Lærdal – Gudvangen*

Tiltak retta mot næringslivet

- *Kompensasjon for m.a. tap av omsetning/marknadsdelar og meirkostnader*

Tiltak i samband med samfunnstryggleik og beredskap

- *Auka kostnader for helseføretaket (helikopter, båttransport, ambulansetasjon i Aurland)*
- *Auka kostnader for kommunane innafor (legevakt, transport av blodprøver og medisinar, krisesenter- og overgrepsmottak, hjelpemiddel, dyrehelse)*
- *Politi, forsvar, sivilforsvar og andre tredjepartar*

Tiltak retta mot oppvekstvilkår

- *Hurtigbåt Aurland – Lærdal*
- *Ekstrakostnader for 3. sektor*

Tiltak retta mot arbeidsliv

- *Ekstrabuss*
- *Bidrag til naudsynt overnatting*
- *Tilbringarteneste*

Lokale tiltak i dei to kommunane

Vegvesenet har – og må ha – løpande dialog med kvar av kommunane (som planmynde) om massedeponi, rigg mm.